

Saksbehandlar: Statens vegvesen Region vest, Samferdsleavdelinga
 Sak nr.: 14/1798-1

Omklassifisering av del av fv. 725 ved Moldreim i Stryn kommune

Framlegg til vedtak:

Fylkesrådmannen rår hovudutval for samferdsle til å gje slik tilråding:
Hovudutvalet rår fylkesutvalet til å gjere slikt vedtak:

Om lag 760 meter av fylkesveg 725 ved Moldreim i Stryn kommune vert nedklassifisert til kommunal veg i den stand den har i dag. Det vert føresett at kommunen syter for at det blir bygd vendelomme tilpassa buss.

Vedlegg:

Brev frå Stryn kommune til Statens vegvesen 9. mars 2011
 Brev frå Statens vegvesen til Stryn kommune 18. mars 2011
 Uttale frå Stryn kommune til Statens vegvesen 17. januar 2014

Andre dokument som ikkje ligg ved:

SAKSFRAMSTILLING

1. Bakgrunn for saka

Nær enden av fylkesveg 725, ved Moldreim, er det laga reguleringsplan for massetak for skifer. Massetaket ligg heilt inntil vegen. I samband med oppstart av reguleringsplan for området, stilte Statens vegvesen krav i høve bruk av/nærleik til fylkesvegen. Kommunen meinte krava var teknisk og økonomisk vanskelege å kombinere med drift av massetak. I 2011 vart kommunen og Statens vegvesen samde om at den beste løysinga var å nedklassifisere den aktuelle vegstrekninga til kommunal veg. Det er ein føresetnad at fylkesvegen vert avslutta med sнопlass.

Statens vegvesen sende brev til Stryn kommune 18. mars 2011 der kommunen vart beden om å gi fråsegn til omklassifiseringa, med følgjande vilkår:

- Veglengde 763 meter.
- Stryn kommune vert ny vegeigar.
- Vegen vert overteken i den stand den har på overtakingstidspunktet.
- Stryn kommune er ansvarleg for at det vert etablert vendelomme tilpassa buss (R>12,5m). Vendelomma må vere etablert seinast 30 kalenderdagar etter at omklassifiseringa har funne stad.

I brev til Statens vegvesen 16.november 2011 sa Stryn kommune at dei i utgangspunktet ikkje har innvendingar mot vilkåra som er sette, men dei ville ikkje gje endeleg fråsegn før reguleringsplanen for området var handsama.

Det har teke noko tid før saka kunne avsluttast, då kommunen først ville ha godkjent reguleringsplanen i området. Dei ville nytte høyringa av reguleringsplanen til høyring av framlegget om nedklassifisering.

Reguleringsplan for massetak på Moldreim vart vedteken av Stryn kommunestyre 23. mai 2013. I brev til Statens vegvesen datert 17. januar 2014 (vedlagt) stadfester Stryn kommune at dei er budde på å overta vegstrekninga. Kommunen har inngått avtale med entreprenør om drift og vedlikehald av vegen frå vegen blir nedklassifisert. Det er ikkje fastbuande på strekninga.



2. Vurderingar og konsekvensar

Økonomi- og budsjettkonsekvensar

Fylkeskommunen får om lag 760 meter mindre fylkesveggar å drifte. Dette gir litt reduserte kostnader til drift og vedlikehald, samstundes som det også påverkar overføring frå staten knytt til fylkesveg. Konsekvensane er såleis små.

3. Konklusjon

Stryn kommune og Statens vegvesen er einige om at om lag 760 meter av fylkesveg 725 ved Moldreim bør nedklassifiserast til kommunal veg i den stand han har i dag. Vidare at kommunen syter for at det blir bygd vendelomme tilpassa buss, som gjort greie for i saka. Omklassifiseringa kan gjennomførast så raskt som det er praktisk mogleg.

Fylkesrådmannen har ikkje merknader til tilrådinga frå Statens vegvesen.